



Slik sorterer du avfallet ditt

Ring tlf. 952 53 515 dersom dunken ikkje vert tømt som avtala.

Les om **kva avfallet vert til** på neste side



Bio

Mat- og hageavfall frå hushaldninga, utan emballasje.

TIPS


- IKKJE plastposar i bioavfallet! Dei øydelegg komposteringsprosessen.
- Bruk posar av papir eller mais som er godkjent for kompostering.
- Prøv å unngå å leggje lauv, hageavfall og sagflis i botn på dunken då dette lett pakkar seg.
- Reingjer dunken etter tømning.
- Ei avis i botnen kan vera lurt om vinteren, slik at avfallet ikkje fryser fast.
- Unngå heile store greiner i dunken, hugs at loket skal kunne lukkast att.



Det er berre posar stempla med:



som er godkjente i biodunken.




Papir

Papir og kartong som ikkje er fuktig eller tilsmussa.

TIPS

- Prøv å ikkje stapp for mykje, då papiret lett kan sitje fast. Spesielt gjeld dette t.d. pizzaesker og anna papp.
- Store esker kan også rivast opp for å unngå at dei sit fast.
- Papiret må ikkje vera vått eller tilgrisa.
- Du treng ikkje fjerna stiftar og limband.
- Alle drikkekartongar skal gjenvinnast; både store og små, med og utan skrukork eller lok. Kast kartongane i papirdunken.
- Sikre loket på vindfulle dagar, papirdunken veltar lett.




Rest

Blandingsavfall og avfall som ikkje har ein plass i andre sorteringsordningar.

TIPS

- Grovt avfall skal på miljøsentralen.
- Unngå å overfylle dunken, så slepp ikkje fuglar og andre dyr til i avfallet.
- Urein plast skal gå i rest.
- EE-avfall og farleg avfall skal IKKJE kastast i restavfallet!



Glas- og metallemballasje

Som hovudregel glas- og metallemballasje (hermetikk) det har vore mat eller drikke i.

TIPS

- Dette kan vere til dømes glasflasker, glaskrucker, hermetikkboksar, mjuke metallboksar, aluminiumsfolie, øl- og brusboksar utan pant, metall-lok, metallkorkar, metalltubar og telyskapslar.
- Dersom glas- og metallemballasjen er tilgrisa, skal den i restavfallet.



Plastemballasje

Plast som har vore emballasje, og som er rein og tørr.

TIPS

- Samla rein og tørr plastemballasje i dei blanke spesialsekkene du får utlevert frå SIM.
- Plasser sekken attmed, eller heng han på papirdunken på tømmedagen for papir- og plastavfall.
- Er du i ferd med å gå tom for plastsekker, knyt ein tom sekk for plastemballasje PÅ PAPIRDUNKEN – så vil sjåføren leggja ein ny rull på papirdunken etter at han er tømt. Du kan også henta deg ein rull på næraste miljøsentral.
- Plastemballasje som luktar skal IKKJE i sekken. Dersom du ikkje får plasten rein med kaldt vatn, kast i restavfallet.



Farleg avfall

Avfall som kan forureina eller gjera skade på menneske eller dyr.


LEVERING: På miljøsentralen.

TIPS: Er du i tvil? Levèr det som om det skulle vera farleg. Hugs å merke flasker/boksar med innhald.



Dunk ikkje tømt?

Ring vakttlf. nr. 952 53 515.



Dunk øydelagt / byte dunk?

Ring vårt sentralbord på
tlf. nr. 53 45 78 50 eller
send mail til sim@sim.as.

Me har byterunde kvar 5. veke.
Dunken kan òg bytast på våre
miljøsentralar.



Sjå ellers www.sim.as for meir informasjon
om til dømes:

- sorteringsguidar på andre språk
- tømmekalender
- tømmedag
- prisar
- ryddeaksjonar
- kompostering
- konteinartutleige



SIM

**Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS**

Meatjønnnsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50
E-post: sim@sim.as
www.sim.as

Kva vert avfallet til?

Bioavfall:

Vert til ny kompostjord som ein kan
kjøpe på alle SIM sine miljøsentralar.



Papiravfall:

Vert til nytt papir / ny kartong.



Restavfall:

Går til energigjenvinning og
vert til straum og fjernvarme.



Plastemballasje:

Vert til nye produkt i plast.
Til dømes kassar, boksar, søppelbøtter,
snøskuffer, kontorstolar, blomsterpotter,
røyr, slangar, kleshengerar, tekstilar
(fleece), bildeler, drikkeflasker, folie,
bæreposar m.m.



Farleg avfall:

Vert deponert eller destruert.



Glas- og metallemballasje:

Vert til nytt glas, skumglas, isolasjon,
spiker, skruar, binders, hagereiskap,
emballasje, bilfelgar og sykkeldeleler.



Last ned SIM-appen ved å søkja på
«SIM tømmekalender» i **Google Play™**
eller **App Store®**.



Besøk oss på Facebook
facebook.com/SIMrenovasjon

MILJØSENTRALANE

Austevoll, Porsdalen

Bømlo, Hollundsdaalen

Fitjar, Svartasmåget


Kvinnherad, Husnes industriområde

Stord, Heiane miljøsentral

Sveio, Sveiåsen

Tysnes, Eredalen

Opningstider og meir informasjon finn du på vår heimeside,
i SIM-appen eller ved å sjå i tømmekalenderen.



● SIM sine miljøsentralar.